



Velkommen til  
**Fylkesårsmøte**  
**6.-8. mars 2026**

Thon hotel Norheimsund

Vi kallar inn alle lokallag til felles årsmøtesamling  
for Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Sogn  
og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag 6.-8.mars  
2026 på Thon Hotel Norheimsund.

Tema for helga:  
**Større og sterkare saman**

**Påmeldingsfrist: 19. desember 2025**

Oversikt over prisar på siste side



Hordaland Bonde-  
og Småbrukarlag



Sogn og Fjordane  
Bonde- og Småbrukarlag



Vi gler oss til utflukt  
og foredrag på  
Hardanger  
Bygdeysteri fredag

## Velkomen til årets viktigaste møteplass!

Fylkesårsmøtet 2026 vert ei spanande og sosial helg full av fagleg påfyll og inspirasjon. Fokus vert på korleis vi saman skal jobbe for å byggja ein større og sterkare organisasjon frå grasrota og opp, med fleire medlemmar, meir aktivitet og større politisk gjennomslag.

Nytt av året er at møtet startar allereie på fredag ettermiddag, med opning og utflukt til det lokale samvirkeeventyret Hardanger Bygdeysteri. Der vert det omvisning, middag og fleire inspirerende foredrag.

Laurdag morgon startar programmet med politisk verkstad i lag med våre raudgrøne stortingsrepresentantar. Dei to andre hovudbolkane denne dagen vert **alliansebygging** og **lokalt arbeid med politikk, synlegheit og rekruttering**.

Dei to fylkeslaga vil halde sine respektive årsmøte sundagen. Helga avsluttast med lunsj på sundag.

**Saker ein vil ha fremja på årsmøtet, må ha kome inn til fylkessekretær innan 23.februar.** Eventuelle uttalar bør sendast inn på førehand, men det er også høve til å levere inn innan klokka 18.00 laurdagen.

Kvart lokallag kan stille med 2 utsendingar til årsmøtet, i tillegg til ein utsending for kvar påbegynte 25 medlem. Vi oppmodar alle lokallag om å stilla opp manns- og kvinnesterke.



Det vert enkel og  
god steikostmiddag  
fredag og deilig  
festmiddag laurdag



Forskar Eirik Magnus  
Fuglestad er ein av gjestane

# Prisar

**Full pakke enkeltrom: 5600,-**

Inkluderer enkeltrom fredag-sundag, utflukt og middag fredag, samt alle måltid laurdag og sundag inkl. festmiddag

**Full pakke dobbeltrom: 4700,-**

Same som over, men du deler rom.

## Andre alternativ (plukk og miks)

**Overnatting laurdag til sundag**

Inkludert frukost, lunsj, kaffi, festmiddag laurdag

Enkeltrom: 3600,-

Dobbeltrom: 3100,-

**Utflukt fredag inkl. middag:**

500,-

**Møte laurdag (ikkje overnatting eller festmiddag):**

800,-

**Festmiddag laurdag:**

600,-

Hotellet ynskjer samla betaling, difor må me ha bindande påmelding med betaling på førehand. Merk betalinga med "årsmøte" og namn eller lokallag. Kontonr. 9581 10 76644.

**Påmelding innan 19.desember 2025 til Åse-Marie:**  
**[hordaland@smabrukarlaget.no](mailto:hordaland@smabrukarlaget.no) eller 480 21 004.**